

**Øystese sokneråd  
5610 Øystese  
Sakliste, Øystese Sokneråd**

**Stad:** Øystese bedehus  
**Dato:** tysdag 06.052025  
**Tid:** kl. 19.00-2100  
Soknerådsmøta er opne.

<b>Dato:</b> 06.05.25		
<b>Innkalla :</b> Roar Strømme, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjøn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje		
Ikkje til stades: Therese, Kjell Arne		
<b>NR:</b>	<b>SAKER:</b>	<b>MERKNADER:</b>
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	
	INFO innkommen post	Er utlyst stilling prest under utdanning. Dirigenten i barnekoret ser ut til å halde fram ut året. Usikkerheit kring vikarprestsituasjonen.
1	Evaluering av gudstenester mm	Oppsummering konfirmantfest  Krølletreff: 11 gutter og 1 jente. Gjekk fint!  Påskeaften: fin gudsteneste kl.2300 (ca.30 stk).  Sjå eige skriv om konfirmantfesten.  Konfirmantgudstenestene var bra. Kullet var stort, mogleg ein kunne hatt tre rundar.  Når det er ein del småungar til stades, bør me i soknerådet vera raskare til å aktivisera dei ved å finna teikneutstyr osv.
2	Kyrkjebygget og uteområdet, orientering om kor langt ein er komne i arbeidet her, herunder minnelund.	Vidareføring av sak frå februar og april. Det vert framlagt rapport om pengebruk for gåvene i møtet.  Me er godt nøgde med korleis kyrkja er blitt.

		<p>Fontena: kva gjer me?</p> <p>Me ser at det er vanskeleg å drifta fontena, men det er fint med rennande vatn! Forslag: ein kan kanskje laga ein kombinasjon av blomebed og ein fontene som er lettare stelt? Kva er evt. kostnaden?</p> <p>Vedtak:</p> <p>Soknerådet ynskjer at det vert undersøkt om ein kan få ei ny løysing med rennande vatn, til ein akseptabel pris. Dette i kombinasjon med blomebed.</p> <p>Soknerådet deler kyrkjeverja sitt syn når det gjeld utlegg til graver og graveutstyr. Dette skal ikkje dekkjast av evt. gåver, men av det offentlege.</p>
3	Diakoni og frivillig arbeid	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ynskjeleg at medlemene les utdelt hefte frå sist møte. Er noko vi kan gjere annleis, for å involvere frivillige i større grad?</li> <li>- Me bør gjerne engasjere konfirmantane meir i aktivitetar me har føre oss.</li> <li>- Me kan gjerne invitere Vetle for å snakka om korleis ein kan engasjere frivillige i større grad. Iversens legat: me bør ha nokre konkret. Det kom forslag om td. gospelkveld?</li> </ul> <p><b>Kyrkjeklubben og föremiddagstreffet ynskjer me at det blir søkt for. Fristen er snart.</b></p>
4	Open kyrkje i sommarmånadane	Framlegg til vedtak: Rådet vidarefører ordninga med open kyrkje i år også. Vi er svært takksame for Kabuso si hjelp med denne ordninga.
5	Kvalitetssikring av oppgåver neste månad	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Vi går igjennom resten av vårhalvåret - Vi set også av tid til arbeid med haustplanen.</li> <li>- 20.05. 6-års samling. Bryna treng hjelp. 1700-1830. Astrid og Aina vert med!</li> </ul>
	Eventuelt	Møtet vert avslutta med "Vår far".